



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Vedtak- forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunedirektøren vedtar Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Hyllestad kommune, slik det ligg føre

Hyllestad kommune fastset med heimel i Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a., følgjande:

§ 1 Hyllestad kommune opnar for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til jakt på hjort i ope terreng for å avverja alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høy bestandstettleik.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel.

Jegerar skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel, ved felling av hjort, i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato

Denne forskrifta trer i kraft XX.XX.2026.

(Datoen blir fastsett ved eventuelt positivt vedtak)

Vedlegg i saka:

31.08.2026	Termisk forskrift bakgrunn - Fjaler og Hyllestad
31.08.2026	Hjernemark 2020
31.08.2026	Kommunalt måldokument for forvaltning av hjortevilt i Fjaler og Hyllestad 2026-2030
31.08.2026	Strategi for forvaltning av hjortevilt 2026-2030_rapport 17 2026
31.08.2026	Øpstad_Hjorteskade på eng
31.08.2026	260323 Årsrapport YSSB 2025
31.08.2026	Skutt hjort per km2 - 2025
31.08.2026	Hjort_Bestandsutvikling (1) Hyllestad 2007-2023
31.08.2026	NIBIO_RAPPORT_2022 Beiteskader på skog

Mottakar

Sundli, Arnt Tomas

Bakgrunn

Landbruks- og matdepartementet fastsette 26.06.2026 endringar i jaktutøvingsforskrifta, sjå <https://lovdata.no/LTI/forskrift/2026-06-26-1380>. Dette vart gjort på bakgrunn av behov for tilpassingar i forskriftsverket i samband med at den nye Viltressurslova skulle tre i kraft 01.07.2026. I den nye viltressurslova er det innført forbod mot bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt (§ 26). Dette er ei endring frå regelverket etter viltlova frå 1981, der det ikkje fanst noko generelt forbod mot bruk av slike siktemiddel. Samstundes fekk kommunane heimel til å fastsetje lokal forskrift som opnar for vidare bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng (§ 29 a fjerde ledd).

Med heimel i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst § 29a kan kommunen opne for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i ope terreng når formålet er å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik. Kommunen skal vurdere om det ligg føre eit slikt behov lokalt, og om bruk av termiske siktemiddel er eit eigna verkemiddel for å nå dei vedtekne måla for hjorteforvaltninga.

Framlegg til forskrift:

Hyllestad kommune fastset med heimel i Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a., følgjande:

§ 1 Hyllestad kommune opnar for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til jakt på hjort i ope terreng for å avverja alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel
Jegerar skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel, ved felling av hjort, i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato

Denne forskrifta trer i kraft XX.XX.2026.

(Datoen blir fastsett ved eventuelt positivt vedtak)

Landbruksdirektoratets rettleiar for fastsetjing av forskrift for opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel.

Landbruksdirektoratet har utarbeidd ein rettleiar, for fastsetjing av forskrift for opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel, sjå vedlegg. Det vert der slått fast at ei eventuell forskrift må gjelde for heile kommunen. Vidare vart det lagt vekt på at ei forskrift om bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel føreset at det ligg føre kommunalt måldokument med mål for ønska bestandsutvikling. Direktoratet legg også til grunn at det må ligge føre mål om å avverge alvorleg skade. Rettleiaren gjer grei for kva vurderingar som vil vere relevante ved vurdering av kva som vert å rekne som alvorleg skade.

Følgjande hovudpunkt vert nemnt:

1. Bestandstettleik: Er hjortebestanden høg og/eller aukande?
2. Bestandsmessige tilhøve: Kva er status m.o.t. slakteveker og kjønns- og alderssamansetjing?
3. Jordbruk: medfører hjortebestanden tap for jordbruksnæringa?
4. Skogbruk: medfører hjortebestanden tap for skogbruksnæringa?
5. Biologisk mangfald: medfører hjortebestanden skade på sårbare artar og naturmangfald?
6. Hjortepåkøyrslar: Kva er status m.o.t. hjortepåkøyrslar

Saksgang og høyring:

Endringa i regelverket tredde i kraft 1. juli 2026, kort tid før jaktstart med tanke på å få lagd forskrift. I dialog med Vestland fylkeskommune og fleire nærliggande kommunar vurderte administrasjonen at det var viktig å få saka ut på høyring raskt. Det vart difor gjennomført høyring i perioden 7. juli til 7. august 2026.

Sidan saka ikkje kom opp til politisk behandling før etter jaktstart, vart det sendt ut ei ny høyring til valdleiarane i Hyllestad i perioden 19. til 30. august 2026.

Det kom signal om at fleire vald ønskte å kome med innspel før saka vart lagt fram til politisk behandling. Det vart difor sendt ut ei ny høyring til valdleiarane i kommunen.

Vurdering:

Hyllestad kommunes vedtatte måldokument for hjorteforvaltning gjeld for perioden 2026-2030, sjå vedlegg. I samsvar med Landbruksdirektoratets rettleiar svarar måldokumentet ut dei vurderingar som gjeld skade. Kommunen har også evaluert bestandsplanar for dei bestandsplanområda som har søkt om godkjenning av ny bestandsplan i 2026.

Oppsummert etter hovudpunkta i landbruksdirektoratets rettleiar er konklusjonen utifrå måldokument og evaluering av bestandsplanar som følgjer:

1. Det er høg bestandstettleik av hjort i Hyllestad kommune sett opp mot dei vedtekne måla for hjorteforvaltninga, og kommunen har som mål å redusere bestanden.
2. Mål om auka slaktevektar og jamnare kjønns- og aldersfordeling er ikkje nådd.
3. Hjortebestanden medfører tap for jordbruksnæringa. Det er registrert avlingstap på opp mot 30 prosent som følgje av hjortebeiting.
4. Hjortebestanden medfører tap for skognæringa. Det er dokumentert økonomiske tap på om lag 20 prosent som følgje av beiteskadar, for ungsog.
5. Det er rapportert om skade på naturmangfald, mellom anna barlind.
6. I gjennomsnitt vert om lag 9 hjortar påkørde kvart år, basert på tal frå dei siste åtte åra

Kommunale målsettingar

- Å redusere hjortebestanden til eit nivå som er betre tilpassa jordbruk, skogbruk og andre samfunnsinteresser.
- Å redusere skadeomfanget på innmark og skog.
- Å betre kvaliteten i hjortestamma gjennom auka slaktevektar og god bestandsstruktur.
- Å oppretthalde ei langsiktig og kunnskapsbasert bestandsforvaltning
- Å sikre at hjortebestanden ikkje medfører uakseptable ulemper for samfunnet.

Alvorleg skade

Kommunen har over fleire år hatt som mål å redusere hjortebestanden gjennom auka avskyting. Dette kjem mellom anna fram av vedtekne målsettingar for hjorteforvaltninga, der formålet er å tilpasse bestanden betre til jordbruk, skogbruk og andre samfunnsinteresser.

Kommunen vurderer at dokumenterte avlingstap i nærliggande område på opp mot 30 prosent som følgje av hjortebeiting utgjer ein alvorleg skade for jordbruksnæringa. Tilsvarande vurderer kommunen at dokumenterte økonomiske tap på om lag 20 prosent i ungsog som følgje av beiteskadar representerer ein alvorleg skade for skogbruket. Det er også usikkert om kostnader knytte til suppleringsplanting og ekstra arbeidsinnsats er fullt ut fanga opp i desse berekningane. Kommunen vurderer at tilgang til restlysforsterkande og termiske siktemiddel kan gjere det enklare å ta ut dyr i område der skadepresset er størst, og slik bidra til å redusere skadeomfanget.

Høyringssvar

Av høyringsinnspela er det ein liten overvekt av positive innspel.

Kommunen merkar seg at det også er ulike meininger innad i enkelte jaktvald. Høyringsinnspela inneheld fleire nyansar enn det som kjem fram i oppsummeringa nedanfor, ein oppmodar dei folkevalde til å gjere seg kjende med dei fullstendige høyringsuttalane som ligg ved saka.

Dei positive innspela legg særleg vekt på at termiske og restlysforsterkande siktemiddel kan bidra til sikrare jakt gjennom betre identifisering av dyr, færre feil- og skadeskytingar og mindre behov for ettersøk. Fleire peikar på at utstyret gjev jegeren betre tid til å vurdere dyr før skot, og for å ta ut rett dyr i tråd med kvotar og bestandsplanar. Fleire viser til at hjorten ofte trekkjer inn på innmark etter mørkets frambrudd, og at utstyret difor kan vere eit nyttig verkemiddel for å redusere skade på jordbruksareal. Nokre viser til store økonomiske tap som følgje av beiteskadar, sterk nedbeiting av vegetasjon og lågare slaktevekter, noko dei meiner kan tyde på ein hjortebestand som er høgare enn beitegrunnlaget toler. Fleire meiner òg at siktemidla kan bidra til ei meir effektiv og human jaktutøving og gjere det lettare å nå bestandsmåla.

Dei negative innspela uttrykkjer mellom anna uro for konsekvensar for dyrevelferd, friluftsliv og tryggleik. Fleire meiner ordlyden i forskrifta er for vid eller uklar, og at ei eventuell opning bør avgrensast til innmark eller bestemte område. Det vert peikt på at hjorten bør få ro i beite- og brunstperiodar, og at auka jaktaktivitet i skumring og mørke kan påverke både dyr og andre brukarar av utmarka. Nokre viser til at hjortebestanden etter deira vurdering er vesentleg redusert samanlikna med tidlegare år, og at det difor ikkje ligg føre eit tilstrekkeleg grunnlag for å opne for bruk av slike siktemiddel. Det vert også reist spørsmål knytt til tryggleik for folk og eigedom, fare for at ordninga kan gjere ulovleg jakt enklare, og om andre bestandsregulerande tiltak burde vurderast før ei slik opning vert vedteken.

Kommunen viser til naturmangfaldlova § 8, der det går fram at offentlege avgjerder så langt som råd skal byggje på vitskapleg kunnskap om artar, naturtypar og økologiske tilstandar. Med grunnlag i data og vurderingar presenterte i vedlegga til saka finn administrasjonen ikkje indikasjonar på at hjortebestanden i kommunen er på retur. Hjorteviltssenteret har vidare tilrådd at jaktuttaket i Hyllestad og Fjaler vert halde minst på nivå med 2025 dei første åra.

Konklusjon

Kommunen vurderer at hjortebestanden i Hyllestad framleis er høgare enn ynskjeleg sett opp mot dei kommunale målsettingane for jordbruk, skogbruk, bestandskvalitet og berekraftig forvaltning. Til trass for ei langvarig satsing på høg avskyting gjennom fleire forvaltningstiltak er det framleis behov for bestandsregulering. Skader på innmark og skog, utvikling i slaktevekter og målsettingane i gjeldande hjorteviltforvaltning talar samla for dette.

Restlysforsterkande og termiske siktemiddel inneber etter kommunen si vurdering ikkje ei grunnleggjande endring av hjortejakta, men er først og fremst eit hjelpemiddel som kan gjere det enklare å identifisere og felle rett type dyr i tråd med vedtekne kvotar og bestandsplanar. Bestandsreguleringa skjer framleis gjennom kommunen sine målsettingar, tildelingar og kvotar. Dersom bestandsutviklinga tilseier det, kan kommunen redusere tildelingane og justere forvaltninga i tråd med dei til kvar tid gjeldande måla for hjortebestanden.

Kommunen vurderer at restlysforsterkande og termiske siktemiddel er eit formålstenleg verkemiddel for å oppnå vedtekne mål om bestandsregulering og redusert skadeomfang. Kommunen vurderer vidare at vilkåret om å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik er oppfylt. Forskrifta er derfor eit naturleg supplement til dei verkemidla som allereie vert nytta i hjorteforvaltninga. På dette grunnlaget finn kommunen det riktig å opne for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i samsvar med lokal forskrift.

